

Bygdelaget 5915

Storneset 22A

5915 Hjelmås

Lindås Kommune

Rådmann og Formannskapet

Pr epost: postmottak@lindas.kommune.no

Leknes, 2. oktober 2014

Uttale til revidert planløsning for Storstova på Leknes

Kommunestyret vedtok i møte i desember 2013 ei ramme for Storstova på Leknes på 28 millionar kroner. Kommunestyret har også løyvd Kr 500 000,- til planlegging i 2014 slik at prosjektet kunne omarbeidast innanfor den nye og reduserte ramma.

Bygdelaget har deltatt i ei arbeidsgruppe leia av Eigedomsavdelinga. Der har me saman med skulen og deira tilsette hatt ein god prosess gjennom fire møter og anna korrespondanse. Dei prinsipielle føresetnadane som me la til grunn i arbeidet var:

1. Storstova skulle byggjast i to plan
2. Funksjonane i Storstova inklusiv auditorium, sosialt rom og ute scene/amfi skulle ivareta kast. I tillegg skulle areala kvalifisera til tippemidlar.
3. Storstova skulle ha aktivitetsflata/forsamlingslokalet i same høgda som skuleplassen

Bygdelaget er glade for at arbeidsgruppa klarte å koma fram til ei god løysing innanfor ramma som Kommunestyret hadde vedtatt.

I siste møtet den 21. august 2014 var både skulen, deira tilsette og Bygdelaget samde i å stø alternativ 2 til 28 millionar kroner.

Bygdelaget gjennomførte høyringsmøte med lag og organisasjonar på 5915 den 22. september d.å. På møtet drøfta med grundig alternativ 2 og me var også innom alternativ 1. Andre alternativ som framsett av rådmannen, vart også gjennomgått på møtet. Me tek med signala frå høyringsmøtet i dette skrivet.

Alternativ 2 stettar dei prinsipielle føresetnadane nemnt ovanfor og brukargruppene sine behov. Alternativet har éi ulempe og dette gjeld lagerarealet som er for lite.

Ulempa er noko utbetra ved å ta 20 m² frå det sosiale rommet. Me er likevel av den oppfatning at Storstova vil trengja meir lagerplass som følgje av mange aktivitetar som vil koma. Dette bør ein søkja løysingar for i detaljplanlegginga av hallen.

Framfor alt er det no viktig å treffa eit politisk vedtak som gjev bygda og skulen ny fleirbrukshall. Vedtak som vil krevja ytterlegare utgreiing, er derfor svært negativt. Me er kjende med at det også vert lagt fram to andre alternativ for Formannskapet. Alternativ 1 til 35 millionar stiller me oss sjølvstakt bak. Dette er godt gjennomarbeidd og på same måte som alternativ 2, dekkjer dette bygda sine behov. Alternativ 1 stettar først og

Bygdelaget 5915

Storneset 22A

5915 Hjelmås


fremst skulen sine særskilte behov i høve til å ha garderobar på same planet som aktivitetsflata. I tillegg opnar det for framtidig skuleareal (klasserom) i kjellarhøgda om ein ynskjer å byggja om parkeringsarealet. Alternativ 1 har også rikeleg lagerareal. Alternativ 3 er ikkje gjennomarbeidd korkje frå bygda eller skulen si side. Dette bryt med våre prinsipielle føresetnader og er i praksis eit utsetjingsvedtak. Med bakgrunn i ovannemnte, går me mot dette.

Bygdelaget og høyringsmøtet stør alternativ 2, og oppmodar at det vert gjort vedtak som sikrar framdrift til beste for både bygda og skulen.

Med helsing



Lars Hagesæter
Vara styremedlem



Cato Lyngøy
Leiar

Kopi:

Lag og organisasjonar på 5915